

# Referat frå OPPSTARTSMØTE

## – detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie, 29.11.2018

Formålet med oppstartmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlaget for ein god planprosess.

Saksnamn: Detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie  
Saksnr. 2018/608  
Saksbehandlar: Ingunn Moen Helland  
Møtestad: Ysteriet, Vågå  
Møtedato: 29.11.2018  
PlanID: 5152018002

Til stades frå forslagsstillar: Nordplan AS v. Øyvind Sødal og Gunnar Vole.  
Doverskifer AS v. styreleiar Harald Tverberg og Kjell Ivar Holen  
Til stades frå kommunen: Pål Inge Sanden, Bjørn Ivar Solheim og Ingunn Moen Helland

### 1. Bakgrunnen for å setja i gang planarbeidet

Nordplan AS sende 21.09.2018 på vegne av Dovreskifer AS kommunen eit planinitiativ for oppstart av planarbeid med detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie. Kommunen avventa å halde oppstartmøte til etter at planinitiativet var forankra i Formannskapet som planutval 6.11.2018. Dette med bakgrunn i at planinitiativet ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Av møteprotokollen, frå drøftingssaker i formannskapet 6.11.2018 går det fram følgjande : «Formannskapet gjev rådmannen signal på at oppstartmøte kan haldast og planprosessen igangsetjast».

Dovreskifer AS har søkt om prøveuttak av skifer i området der det er ønskje å regulere. Dispensasjonssøknad for prøveuttak har vore på høyring og vart behandla i Hovudutval for teknisk landbruk og naturforvaltning 23.11.2018. Det vart gjeve dispensasjon for prøvedrift i ein avgrensa tidsperiode. Prøvedrift krev også løyve frå Direktoratet for mineralforvaltning.

Dovreskifer tok opp spørsmålet om eventuelt, oppdukkande behov for utviding av prøvedrifta i tid. Dette vil i så fall måtte avklarast gjennom følgje saksgang i kommunen etter plan- og bygningslova (dispensasjon) og etter DMF's saksgang etter minerallova. Behov for avklaring av kvalitet / drivverdigheit er ein føresetnad for å dispensasjon for prøvedrift.

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for permanent uttak av skifer. Det har vore teke ut skifer i del av området for fleire år sidan. Uttaket er oppgjeve å ha vorte avslutta ca. 1995. Det står i planinitiativet at om lag 150 dekar er venta å bli regulert til uttaksdrift.

### 2. Planføresetnader

#### Reguleringsplanform – jf. PBL kapittel 12

Detaljregulering, jf. pbl § 12-3.

Området er i kommuneplanens arealdel avsett som LNF-område (landbruks- natur- og friluftsområde). Planområdet ligg innafor omsynssone aktsemdområde flom, skred, stein-, snø- og jord- og flomskred Planområdet råkar omsynssone for område med særleg viktig naturmiljø (naturtype bekkeløft) Planområdet ligg innafor 100-meters sona til Finna som er verna vassdrag Planområdet omfattar fleire eigedomsteigar. Gbnr går fram av føreslege kart med planavgrensing vist under.





### **Pågår det anna planarbeid i nærområdet?**

Ja

**Nei X**

### **Er planforslaget i samsvar med overordna plan?**

Sjå utsnitt av overordna plan (kdp Vågå nord) vist over.

Ja

**Nei X**

*Merknad: Eksisterande uttaksområde var punktmarkert i tidlegare kommunedelplan for Vågå nord. Vidareføring/utviding vart ikkje vurdert ved kommunepanrevisjon da det ikkje låg føre innspel om utviding/nye tiltak her. Det har ikkje vore drift i området sidan ca. 1995.*

### **Vil planforslaget utløyse krav om konsekvensutgreiing / planprogram? Jf. Forskrift om konsekvensutredninger**

**Ja X**

Nei

*Merknad: Det kom i oppstartmøtet ønskje frå Dovreskifer om utviding av planområdet for å inkludere tilkomstveg både ovanfrå og nedanfrå uttaksområdet. Med denne utvidinga er forslagsstillar og kommune samde om at det utarbeidast KU med planprogram*

*Merknad: Viser til vurderingar i planinitiativet og forslagsstillar si vurdering innsendt etter oppstartmøtet saman med utvida planavgrensing.*

### **Vil ny plan utløyse behov for utbyggingsavtale? Jfr. PBL kapittel 17.**

Ja

**Nei X**

### **Har kommunen tilfredsstillande kartgrunnlag for området?**

**Ja X**

Nei

## **3. Overordna føringar og kommunale føresegner/retningsliner som gjeld for planområdet**

- Kommunedelplan for Vågå, vedteken 9. august 2017 har føresegner og retningsliner som må følgjast opp i planarbeidet. Ein viser særleg til følgjande retningsliner/føresegner i kommuneplanen:
  - § 9.10 Område for råstoff utvinning og retningsliner
  - § 13.4 Verna vassdrag, føresegner og retningsliner
  - § 14.2 Omsynssone aktsemdområde flom, skred, stein-, snø- og jord- og flomskred
  - § 15.2 Omsynssone - Område med særleg viktig naturmiljø. Føresegn og retningsliner
- Regional plan for Ottadalen (villrein) og føresegner/retningsliner for arealbruk.
- RPR for verna vassdrag

## **4. Krav til varsel om oppstart av planarbeidet**

Forslagsstillar skal varsle oppstart av planarbeidet. Før planarbeidet blir varsla oppstarta blir det tilrådd at varslingsmaterialet blir sendt kommunen for gjennomsyn. Kopi av referatet frå oppstartmøtet sendast regionale styresmakter saman med varsling om oppstart av planarbeidet. Regionale styresmakter sitt planskjema skal også fyllast ut ved oversendinga av oppstartvarsel til regionalt nivå.

*Varselet skal innehalde/vedleggast*

4.1 Planprogram

4.3 Kart i eigna målestokk med avmerkt planavgrensing og oversiktskart med planområdet avmerkt

4.4 Brev som orienterer om formål med planarbeidet, dagens arealbruk, gjeldande planstatus og ønskt reguleringsformål.

4.5 Planinitiativ (endringane utvida planavgrensing inneber for innsendt planinitiativ må innarbeidast i dokumentet, eller det på annan måte gå klart fram kva endringane inneber).

#### 4.6 Referatet frå oppstartmøtet

Varsel om oppstart skal kunngjerast i avis som er alminneleg lest i området, jf. pbl § 12-8.

#### Medverknad og varsling/høyring av partar

- Eigargar av bustader og fritidsbustader som kan bli råka av tiltaket skal få melding om oppstart av planarbeid til uttale. Dette gjeld også bebuarar som kan bli råka av støy/støv. Storleiken på planlagt uttakstområde kan gjere det nødvendig å varsle fleire bebuarar/fritidsbebuarar enn dei som vart nabovarsla i samband med søknaden om prøvedrift. Dette er eit forhold forslagsstillar må vurdere om i samband med varsel om oppstart.
- Partar langs tilkomstveg til uttaksområdet må vurderast varsla med bakgrunn auka trafikkbelastning.
- Andre instansar/interesser som må høyrast/varslast
  - Nasjonalparkstyret for Reinheimen
  - Reinheimen-Breheimen villreinutvalg
  - FNF
  - Vegstyre/vegeigarar
  - Regionale styresmakter (vegvesen, fylkeskommune, NVE, Fylkesmann)

Kommunen legg til grunn at alle grunneigarar som har areal innafor planområdet er orientert om saka og har gjeve sitt samtykke til arealbruken et bli panlagt for, før det blir varsla oppstart. Alle grunneigarane innafor planområdet, og grunneigedomar som grenser til planområdet, skal inngå i varslingslista.

Det kan vere aktuelt å løfte denne saka inn i Regionalt planforum. Behovet for dette vurderast etter at forslagsstillar har fått inn merknader/uttaler til oppstartvarselet, - og ev. seinare i prosessen.

Forlagsstillar og kommunen var einige om at det bør gjennomførast dialogmøte (undervegsmøte) mellom forslagsstillar og kommunen, - før innsending av planforslag til kommunen.

Det skal i samband med offentleg ettersyn arrangerast ope møte om saka. Forslagsstillar skal orientere om planforslaget. Dette skal skje i samarbeid med Vågå kommune som planstyresmakt.

## 5. Viktige utgreiingsbehov for planarbeidet – førebels vurdering

*Tema som må utgreiast i samband med planarbeidet, og som må inngå i utgreiing av konsekvensar.*

### 5.1 Planfaglege vurderingar

- Forholdet til overordna plan (kommunedelplan for Vågå)

### 5.2 Jordvern og landbruksfaglege vurderingar

- Vurdering av konsekvensar for landbruksinteresser i området. Seterområdet Liasetrene ligg nær planlagt uttakstområde.

### 5.3 Miljøfaglege vurderingar

- Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, - med bakgrunn i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no), [www.artskart.no](http://www.artskart.no) og ev. annan dokumentasjon. Særleg vurdering i forhold til moglege konsekvensar for området «Finna Skjedsvoll – Finngjelet», som i naturbase er vist sin naturtype bekkeløft med verdi A (nasjonalt viktig).
- Vurdering av forholdet til, og konsekvensar for, Finna som verna vassdrag

### 5.4 Landskap og kulturminne

- Det må gjerast vurderingar av konsekvensar for landskapet og påverknad for omgjevnadene. Det skal vurderast korleis ein kan minimere negative landskapsverknader, t.d. ved etappevis attendeføring m.v.
- Forslagsstillar må sørgje for avklaring med Oppland fylkeskommune i forhold til kulturminnelova og kulturminnefagleg undersøking.

## 5.5 Samfunnssikkerheit og beredskap

- ROS-analyse skal følgje planforslaget og utarbeidast i samsvar med gjeldade rettleiarar. Planområdet ligg innafør aktsemdområde for skred og steinsprang og det må gjennomførast faresonekartlegging for heile planområdet. Flomfare (herunder flomvassvegar, handteringa av overvatn) skal utgreiast og ivaretakast i plan.

Skredfarekartlegging for prøveuttaksområdet viser at skog utanfor føreslege planområde er vurdert å ha ein sikringsfunksjon. Skogens verknad på skredrisiko skal vurderast i planframlegget. Forslagsstillar legg ikkje opp til å ta med denne vernskogen i planområdet da planens hovudformål er råstoffutvinning. Forslagsstillar viser til at det i samband med verksemda i uttaksområdet må det gjerast tiltak for anleggssikring. Forslagsstillar viser til at det vil bli vurdert å etablere privatrettslege avtaler om hogst i skredutsett terreng. Det er viktig at desse forholda blir omtalt ved planoppstart og i planprogrammet.

Kommunen viste i oppstartmøtet til at å inkludere vernskogen er den planfagleg beste måten å forhalde seg til skredfarerapporten på.

## 5.6 Veg- og vegtekniske forhold / trafikktryggleik

- Vurderingar knytt til tilkomst og trafikktryggleik.
- Vurderingar av krav til vegstandard og behov for tiltak.

## 5.7 Forureining – støy og støv

- Støy og støv er viktige tema ved uttak av naturstein. Det vil vere behov for støyutrekning m.o.t. bustader og fritidsbustader (støykjenslege bygg) i området. Støyskjerming og regulering av driftstider vil vere viktige tema som må omtalast og ivaretakast i planen. Ved varsel om oppstart må det sendast varsel til alle som kan ventast å liggje i gul og raud støysone.
- Forureiningsforskrifta kap 30 og støyretningsline T-1442  
Pigging omfattar impulslyd som kan bere langt. Det må ikkje leggest opp til drift i perioden kveld og natt (dvs. kl 19 – 07) eller i helg og på heilag dagar.
- Det må i planen gjerast vurdering av konsekvensar knytt til forureining utover støy.

## 5.8. Samfunn

- Skifer er ein ikkje-fornybar ressurs. Det må gjerast vurderingar av dei nærings- og miljømessige konsekvensane av å hente ut denne ressursen nå kontra å vente.

## 5.9 Andre kommentarar

- I saker som gjeld masseuttak viser kommunen generelt til temarettleiaren: «*Uttak av mineralske forekomster og planlegging etter plan- og bygningsloven*».
- Reguleringsplanen skal, jf. føringar i kommuneplanen, ha føresegner om omfang, uttaksretning, ev. etappevis drift og deponi, og om istandsetting og revegetering.

Forhold som går fram av planinitiativet og som ikkje er særskilt nemnd i dette referatet skal framleis vurderast/greiast ut,

# 6. Krav til planforslaget – innhald og materiale

Forslagsstillar er kjent med sjekkliste for planlegging (planskjema, som ligg på Fylkesmannen si internettside om planlegging, [www.planoppland.no](http://www.planoppland.no)), og krav til planforslaget. Lista nedanfor viser kva forventningar kommunen har til komplett materiale på bakgrunn av det vi er kjent med på oppstartmøtet. Forslagsstillar er ansvarleg for å vurdere behov for vidare dokumentasjon, som eit resultat av dei tilbagemeldingane ein får ved varsel om oppstart og eventuelt seinare i prosessen. Det kan også vere problemstillingar som dukkar opp undervegs i planarbeidet.

- Plankart - digital (i samsvar med gjeldande SOSI-standard), SOSI-fil.
- Målestokkriktig plankart i fargar
- Dokumentasjon på at vegens senterlinje er riktig geometrisk bygget opp
- Reguleringsføresegner
- Planomtale
- Varslingsbrev
- Avisannonse
- Innkomne merknader/uttaler og kommentar til kvar av desse om på kva måte uttalene/merknadene blir handtert/ivareteke.
- Utfylt planskjema
- Illustrasjonsplan
  - Det er viktig at planmaterialet er godt tilrettelagt for vise landskapsverknader av tiltaket. Illustrasjonsplan og 3D-modell er aktuelle framstillingsmåtar. Det må utarbeidast kart/3D-modell/illustrasjonar som viser inngrepet, og attendeføringsprosess. Forslagsstillar vil i planprosessen vurdere kartgrunnlaget og nytte dei verktøy som gjev best eigna framstillingsmåte. Det er viktig at det dette på ein god måte visualiserer tiltaket.*
- Fargar
- Svart/kvitt
- Fotomontasjar
- Perspektivteikningar
- Byggjeteikningar
- Modell/Analyser
  - Det er viktig at planmaterialet er godt tilrettelagt for vise landskapsverknader av tiltaket. Illustrasjonsplan og 3D-modell er aktuelle framstillingsmåtar. Det må utarbeidast kart/3D-modell/illustrasjonar som viser inngrepet, og attendeføringsprosess. Forslagsstillar vil i planprosessen vurdere kartgrunnlaget og nytte dei verktøy som gjev best eigna framstillingsmåte. Det er viktig at det dette på ein god måte visualiserer tiltaket.*
- Anna (spesifiser): støyberekning, skredfarekartlegging og kartlegging av flomvassvegar/overvatn.

## **7. Tekniske anlegg**

*Merknader:*

- Veg: Må gjerast greie for nødvendige tiltak etter
- Vatn og avløp: Må gjerast greie for miljømessig forsvarlege VA-løysingar i samband med uttaksdrift.
- Renovasjon: Må gjerast greie for handtering av renovasjon av i samband med uttaksdrift.
- Anna: Det må gjerast greie for forsvarleg handtering av fare for forureining ved t.d. avrenning/lekkasje til omgjevnader/natur.

## 8. Kommunens førebelse råd og vurderingar

Det blir vist til referatet samla og drøfting i møtet. Kommunen oppmodar forslagsstillar til å legge til rette for bred medverknad tidleg i prosessen. Det skal gjevast god informasjon både om planprosessen og om tiltaket til dei som kan kjenne seg råka av tiltaket.

## 9. Framdrift

Oppstart av planarbeid: Planlagt tidspunkt for varsel om oppstart (frå forslagsstillar):  
Så snart nødvendige forhold er avklara.

Planforslag: Utlegging av planforslag til offentlig ettersyn skal jf. pbl, skje seinast 12 veker etter at komplett planmateriale er sendt kommunen.

## 10. Stadfesting

Utgreiingsbehov for planarbeidet er oppgjeve så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar under oppstartmøtet. Moment drøfta i oppstartmøte må ivaretakast gjennom planprogram og KU.

Verken oppstartmøtet eller referatet gjev rettar i den seinare saksbehandlinga. Naboprotestar, protestar frå organisasjonar, krav frå offentlege styresmakter mm. vil kunne føre til krav om endring av planforslaget, ev. endring av framdrifta på behandlingsprosessen.

Det visast til gjeldande gebyrregulativ for behandling av plansaker, - dette er også tilgjengeleg på kommunen si heimeside [www.vaga.kommune.no](http://www.vaga.kommune.no). Gebyret for behandling av planen vil i hht. framlegg til gebyrregulativ for 2019 vere kr 58.552. Ein gjer merksam på at det er det til ein kvar tid gjeldande gebyrregulativet på plangodkjenningstidspunktet som blir lagt til grunn.

Vågå kommune, 10.11.2018

Referent: *Ingunn Moen Helland*